



BRENN FOR TRE: Irmelin Fisch Vågen frå Bergen er tilsett som tredrivar i Sogn og Fjordane. – Trefaget er svært interessant, og det er noko vi nordmenn har i kulturen vår. Blant anna kan vi skilte med spektakulære vikingskip og stavkyrkjer, seier ho.

Foto: Marie Tefre Birkeland

Tredrivar på plass

► Skal utvikle nye måtar å tene pengar på trevirke

FYLKET: Irmelin Fisch Vågen skal engasjere og inspirere bedrifter til å bruke meir tremateriale.

NÆRINGS-LIV

MARIE TEFRE BIRKELAND
marie.tefre.birkeland@firda.no 90171344

Irmelin Fisch Vågen er tilsett i eit treårig engasjement som seniorrådgjevar innan trevirke i Sogn og Fjordane.

– Min jobb er å komme med nye tankar og innspel på korleis ein kan bruke tre som ressurs på best mogleg måte, samt å kople saman personar, bedrifter og kompetanse som kan få til eit samarbeid innan treproduksjon, seier den nyttilsette tredrivaren.

Frå Bergen

Vågen, som opphavleg er frå Ber-

gen, gler seg stort til å komme i gong med jobben.

– Eg trur det blir spennande. Folk i Sogn og Fjordane verkar engasjerte og gira, noko som smittar over på meg, seier ho.

Vågen ynskjer å vere ute blant folk for å få impulsar og tilbakemeldingar frå forskjellige hald.

– Vi må jobbe med den kompetansen som er i fylket og sjå kva moglegheiter som finst. Mykje av tida i byrjinga vil gå med på å kartlegge, seier ho.

Kan brukast til nesten alt

Vågen fortel ivrig om kor nyttig det er å bruke fornybare ressursar vi har god tilgang på i fylket.

– Det er viktig at vi tenker på generasjonane etter oss. Tre kan brukast til alt – frå å bygge hus til fiolar. Men det må vere økonomisk gevinst for at nokon skal satse, elles er det ikkje interessant. Midlar som er løynde offentlege bygg kan for eksempel byggjast i tre framfor andre materiale. Ein

”
No skal eg jobbe det eg kan, samtidig som eg skal ha det kjekt

må berre tørre å tenke litt annleis, seier ho.

Vågen brukar nedgangen på papirbruk som eksempel.

– Sidan vi brukar mindre papir no enn før, må papirprodusentane tenke kva nye trekk dei kan gjere for å utvikle produkta sine slik at dei blir salbare. Det er her eg kjem inn i bildet, seier ho.

Landsdekkjande

Alle fylke skal ha ein tredrivar som nasjonal satsing frå Staten. Tredrivarnettverket er no under

etablering, og stort sett heile Norge er dekkja, med unntak av dei nordlegaste fylka. Berre to av tredrivarane er kvinner.

– Det er ikkje alle som har komme like godt i gong, men det finst fleire eksempel på prosjekt som har blitt gjort. Blant anna verdas høgaste trehus i Bergen.

Marknadsretta

Sogn og Fjordane er det einaste fylket som har lagt tredrivarstillinga under Innovasjon Norge. Årsaka til det er at dei vil satse meir marknadsretta her. Trebasert industri har ein god kjennskap til og kompetanse på i Innovasjon Norge og fylkeskommunen.

Stillinga er finansiert i samarbeid mellom Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Tre år til rådvelde

Målet for treårsperioden er fleire

arbeidsplassar knytt til foredling av tre, auka lønsemd og omsetnad for lokale sagbruk, vidareforedling av tømmer til bruk av tre i bygg og andre bruksområde. Den nye tredrivaren i Sogn og Fjordane har stor tru på at ho vil lykkast.

– Eg ser jo at marknaden dreg riktig veg. No må eg berre engasjere bedrifter til å satse.

Vågen er utdanna arkitekt og har jobba tett med materiale i fleire år. Ho kan fortelje at det ikkje tok lang tid frå ho såg stillingsutlysinga til søknaden var sendt.

– Eg skal brette opp ermene og hoppe i det. Eller, det har eg allereie gjort ved å flytte til Førde. No skal eg jobbe det eg kan, samtidig som eg skal ha det kjekt. Ingenting er perfekt, så det er berre tillate seg sjølv å feile. Og sjølv sagt, ikkje gje opp, seier ho med glimt i auget.